

## Referat FAU-møte den 09.03.2026

Til stades:

Gunn Marit Haugsbø (rektor), Iris Ylvisåker Reiakvam (1.klasse), Anett Horstad (1.klasse), Mona Elin Johnsen Flæte (2.klasse), Kjetil Veien (4.klasse), Kjersti I. Garfors (5. klasse), Randi Storehaug (6. og 10.klasse), Linda Åmelfot (7.klasse), Geir Ole Laberg (8.klasse), Charlotte Sægrov (9.klasse).

1. Smarttelefonfri barneskule. Implementering av vedtak. Klassekontaktane i 1. og 2. klasse informerer på neste foreldremøte om smarttelefonfri barndom ved å vise fram nettsida [smarttelefonfribarndom.no](http://smarttelefonfribarndom.no) og eventuelt ein presentasjon henta frå den sida. Ein oppmodar foreldre om å signere på ein avtale om å utsetje å gje smarttelefon til borna til dei har fullført 7. trinn på barneskulen. Klassekontaktane/kontaktlærer tek med avtalane til foreldremøtet, og samlar dei ferdig signerte avtalane inn att. Dei som ikkje møtet på foreldremøtet kan få avtalane i ranselpost/leksemappa. Det kan vere lurt at foreldra tek bilete av ferdig signert avtale før dei returnerer dei. Turid kan oppbevare avtalane på kontoret i eigen perm.
2. Kostråda på Naustdal skule. FAU har jobba med kostråd for sunn mat på Naustdal skule. Det har kome inn tilbakemeldingar frå både elevar og foreldre. Det har også blitt laga sak på nrk om kostråda vi har jobba med. Elevane er einige i at sunn nistemat er viktig, men dei synest råda er for strenge i forhold til særskilte dagar som turdagar og siste dag før jul og sommar. Ei gruppe foreldre meiner at FAU grip inn i kvar einskilt familie sin kvardag, og er redd for at læraren skal ta inn nistematen til elevane om dei har på sjokoladepålegg på brødiskiva. FAU ønskjer å understreke at kostråda er meint positivt, og som ei oppmoding til familiar om å lage sunn nistemat. Det vil sjølvstundt ikkje vere nokon som vil gå rundt og kontrollere maten til elevane. FAU ønskjer å jobbe vidare med kostrettleiaren, og vil justere den etter innspel som har kome. Forslag frå FAU inneber mellom anna å endre nyansar i rettleiaren slik at den framstår mindre streng. Ein vil forsøke å inngå kompromiss med elevane i høve enkeltdagar i året, og i så fall ha ei tydeleg avgrensing i mengda godteri. Det er mogleg å lage tydelegare restriksjonar på 5.-7. trinn og litt mindre strengt på ungdomstrinnet. Eit forslag frå elevane er å lage ei spørjeundersøking blant foreldra. FAU vurderer å ha eit felles foreldremøte der ein til dømes kan invitere inn ein ernæringsfysiolog. Kan hende ein kan ha eit opplegg i helseveka for elevane med ernæringsfysiolog? Oppmode mat- og helselærer til å ha meir fokus på å lære elevane å lage sunn mat. Informere om kostråda på første foreldremøte etter skulestart. I tillegg ekstra fokus på sunn mat i helseveka.
3. Kommuneøkonomien er stram. Rektor Gunn Marit Haugsbø informerer om at Naustdal skule må kutte 3,5 tilsette (både lærarstilling og assistentar) frå neste skuleår. Det blir 6 færre elevar neste skuleår. Desse kutta vil merkast godt.
4. Skjermbruk på SFO. Fleire foreldre opplever at det blir mykje skjerm på ettermiddagen på SFO, rundt hentetid. Nokre born fortel at dei ikkje får lov til å vere ute på SFO. I staden sit dei inne ufrivillig og ser på "Just Dance." Dette gjer at borna ikkje vil leike, då dei heller vil sjå på skjerm. Rektor vil ta dette opp med leiar på SFO; ho oppmodar samstundes foreldre til å ta opp ting dei undrar seg på direkte med SFO/SFO-leiar.

5. Skjermretteiaren: Oppmodar klassekontaktane om å minne foreldra på den på foreldremøta som kjem no på våren.
6. Forslag om fartsdumpar på vegen ved skulen, sidan legesenteret er flytta, og det difor er mindre ambulansetraffikk forbi.
7. Symjeopplæring: Det er mogleg dei som startar i 7. klasse får noko symjeopplæring, i alle fall dei som treng det. I tillegg til dei som har behov av dei som startar i 8.klasse, sidan dei har gått glipp av eit heilt skuleår med symjeopplæring. 2. og 4. klasse skal halde fram med å ha symjeopplæring. 10.klasse skal ha livredning.
8. Leirskule. Hauglandssenteret kostar ca. 200 000 kr. Deknepollen kostar meir grunna lenger busstransport. Det tilsvarar 6-7 lærartimar/veke eit heilt skuleår. Det er ikkje økonomi til å prioritere dette slik det ser ut no. Sunnfjord kommune ser etter andre alternativ i Sunnfjordområdet, t.d. opparbeide ein eigen leirskule på sikt. Det skal vere 3 overnattingar i løpet av grunnskuletida, såleis er ikkje leirskule låst til 7. trinn. I Sunnfjord er det bestemt at leirskule skal leggest til 7. eller 8. trinn.